

Saksprotokoll i Kommunestyret - 26.11.2009

69/09 - KOMMUNEDELPLAN FOR KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek det framlagde forslaget til "Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø" og "Plan for bygningsvern" med desse endringane:
 - bumiljøet i Aslaksvikjo vert trekt ut av planen
 - det vert gjort endringar i omtalen av kulturlandskapet på Nordhuglo i samsvar med premissane i saka

Kommunestyret delegerer til forvaltningsstyret å følgja opp planen. Ved utarbeiding av kommuneplan, kommunedelplanar og reguleringsplanar skal verneverdige enkeltobjekt og kulturminnemiljø arbeidast inn i planane for det aktuelle området

Alle bygg som er med i planen og alle SEFRAK - registrerte bygg skal gjennom ei kulturfagleg vurdering før byggesak vert endeleg avgjort.
2. Kommunestyret ynskjer at planen skal rullerast i samband med rullering av Kommuneplanen.
3. Gamle Grand vert teken ut or planen

Handsaming

Habilitet:

Øystein Huglen, Sp stilte spørsmål om habilitet og forlét plassen. Huglen vart samrøystes kjent ugild, Fvl §6.

Under sakshandsaminga blei det stilt spørsmål om habilitet for Oscar E. Langeland, Krf og han forlét plassen. Langeland vart samrøystes kjent ugild i saka, Fvl § 6.

Røysting:

Pkt 1 og 2 Vedtek med 27 mot 4 røyster
Pkt 3 Samrøystes vedteke (31 røyster)

Jan Arild Nesse, H kom med framlegg til eit nytt pkt 3, slik det ligg føre.

Jan Arild Nesse, H kom med følgjande framlegg:

Kommunestyret vedtek at alle private bustadhus bygde etter 1960 vert tekne ut or planen.

Framlegget fekk 6 røyster.

Nils Magne Blålid, Sv kom med følgjande framlegg:

Kommunestyret tek Stord sjukehus ut av kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø.

Framlegget fekk 8 røyster

Rett utskrift: